



# Valldal Idrettslag

## Referat styremøte 19. september kl 19.30 – klubhuset

Til stades:

Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll

1. varamedlem Odd Lennart Vikene

2. varamedlem Ellisiv Jarvik

Fotball v/Anett Steinnes

Trim v/Kari Ulvestad vara for Andreas Håvoll

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Disksport v/Richard Moen

Forfall:

Silje Grønning

Anne Nygård

Ski v/Jan Ole Fuglem

### 28/19 Informasjon frå grupper og styret

#### Fotball

Invitert på keeperforum i Stordal 26. september

Delteke med seks spelarar på keeperskule på Blindheim

Har lagt ut ein del baneustyr til sals, mål i ulike storleikar

Skal rydde og klargjere garasje på klubhuset

Futsal, usikkert om det vert lag i vinter. Ev samarbeid med NEG.

#### Friidrett

Norddalsstafett laurdag 21. september. Kollisjon med samling Storfjordlangrenn. Vanskeleg å få til lag.

Har hatt avslutning i Valldal/Liabygda cup, om lag 45 stk fekk samanlagtpremie

#### Trim

Fjelltrimmen held fram ut oktober. Elles ingen arrangement no i haust.

#### Ski

Kome i gong med treningar. Rulleski på tysdag, basistrening/innetrening på onsdag, trening skiskyting på Krikane (førrebels) på torsdag, utfordrande med 4 skiver og inntil 16 løparar.

Storfjordlangrenn, samling helga 20.-22.9 i Valldal. Klubbsamling på Ulsheim 27.-29.9.

Arbeider vidare med planar for skiskyttaranlegg/reserveanlegg på Krikane. Håper å planar for byggetrinn 1 klar i løpet av hausten. Må få avtale med grunneigarar.



# Valldal Idrettslag

Har testa SPOND i samband med treningsplanlegging. Positiv erfaring. Bør lage opplegg for heile laget. Jan Ole deltek på trenarseminar i idrettsforbundet 20.-21.9. Seminaret er retta mot trening av barn og unge. Bør opprette eit trenarforum i Valldal IL.

## Styret

Tre besøkte Dyregoddagane på Batnfjordsøra 31.8. Stor landbruksmesse på eit stort område. Ca 150 utstillarar (?). Mykje dyr utstilt. Inngangsbillett kr 200,-. 20.000 besökande. Lite samanliknbart for Olsok. Kanskje nokre få element som organisering av utstillarar/torgplassar (ikkje omfang) og organisering av mat og kiosk.

Det er innkjøpt kantklippar som vedteke på førre møte

## **29/19 Æresmedlemskap**

Gruppe som fekk i oppgåve å utarbeide retningslinjer for æresmedlemskap har lagt fram eit forslag. Forslaget vart gjennomgått og diskutert. Det vart gjort nokre endingar i forslaget:

- i pkt 2 vart siste setning stroke "Som verdifulle tenester vert både sportsleg og administrativ innsats rekna med." Det vert fanga opp i neste punkt
- i pkt 3a) vert det ikkje sett noko spesifikasjon av tid. Punktet vert: "Kandidaten må ha ytt verdifulle tenester over lang tid elle ha gjort ein særleg innsats for laget og idretten"
- i pkt 3B) vert det tilføya "over fleire år"
- i pkr 4 vert det lagt til at æresmedlemmar også får eit gáve ved utnemning
- i pkt 5 skal det stå "Diplom vert vert delt ut av hovedstyret ved større arrangement i Valldal Idrettslag sin regi"

### **Vedtak:**

"Retningslinjer for Valldal idrettslag sine tildelingar av æresmedlemskap" vert vedteke med dei foreslegne endringar

## **30/19 Tiltaksplan, idrett og friluftsliv**

Norddal kommune har sendt ut informasjon om rullering av handlingsprogram for spelemidlar 2020 Det er høve til å kome med innspeil til planen innan 1.10. Styret drøfta ulike tiltak, ma lys på Idavollen. Dette er tiltak som ikkje vil kome inn under ordning med spelemidlar, då tiltaket allereie har fått spelemidlar. Lys på grasbana kan kanskje kome inn under spelemiddelordninga og bør takast inn i planen. Det same bør rehabilitering av kunstgras (etter 10 år). I tillegg bør bygg i tilknytning til skiskyttaranlegg og reservearena og turløype/tursti i Høghjelleområdet takast inn i planen.

### **Vedtak:**

Følgjande innspeil på anlegg i handlingsprogram for spelemidlar 2020, vert oversendt Norddal kommune:

- Lysanlegg på Valldal Stadion; fotballbane naturgras og friidrettsbane
- Rehabilitering kunstgrasbane
- Friluftslivanlegg
  - o Turløype/tursti med lys Høghjelle
  - o Sanitætæranlegg/lager/varmestove Høghjelle



# Valldal Idrettslag

## 31/19 100 års jubileum

Jubileumskomiteen er i gang med planlegging av fest 23.11. Bokarbeidet går vidare... mykje arbeid. Det er planar om å lage ei enkel utstilling til festen som viser utstyr frå eldre og ny tid. Skiutstyr finst det mykje av, men det er mindre av eldre utstyr frå fotball, friidrett og volleyball. Kvar enkelt vert oppmoda om å undersøkje om det kan finnast slikt utstyr

Skigruppa har bekrefta skikafe/jubileumskafe 21.11. Fotballgruppa er litt usikre på kva dag dei ev kan ha eit opplegg. Frokostgruppe for eldre generasjon på klubhuset i samarbeid med Frivilligsentralen truleg fredag morgen. Kan vere muleg med "mimrekveld" på Sylte ungdomshus. Bør også ha eit tilbod til dei aller yngste i idrettslaget. Men, viktig å ikkje gape over for mykje!